

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I

ImF-Stord

Tysdag 23. mars
kl. 19.00

Stad : Leirvik bedehus

Saksliste til årsmøtet

1. Godkjenning av innkalling og saksliste
2. Val av ordstyrer
3. Val av møtebokfører
4. Val av to til å skrive under møteboka
5. Årsmeldinga for ImF Stord
6. Årsmeldinga for alle undergruppene
 - Søndagskolen
 - Levende lys
 - Junior-ving
 - Fredagsklubben
 - UKS og IUF
 - Pensjonistlaget
 - Bibelgruppene
 - Sisterhood
 - Skaper Tillit
 - ImF Styret
7. Regnskap 2020
8. Gåve til stiftelsen Leirvik Bedehus øyremerka oppussing av kjellaren
9. Budsjett 2021
Styret sender ikke ut budsjett med årsmeldinga, då me må ha med sak 8 i budsjettet.
10. Val

Pause med kaffi
Presentasjon av valet

11. Samtale om arbeidet

Medlemskap ImF Stord:

Det er viktig at alle betaler medlemskontigent 2021 før årsmøte. Beløp: 300,-
Vipps: 110340 - Konto: 3000.22.08101
NB: Husk å merke med namn. Ta kontakt dersom du vil ha hjelp med dette.



5. Årsmeldinga for ImF Stord

ImF Stord hadde årsmøte 18.02 2020

Etter valget vart styret slik:

Jarle Steinsland	styreleiar	2020-2021
Astrid Kjellevoid	styremedlem	2020-2022
Mariann Milje	styremedlem	2020-2022
Cristian Andre Balchen	styremedlem	2019-2021
Kjetil Fyllingen	styremedlem	2019-2021
Margrethe Hystad Carter	1.vara	2020-2021
Ole Jørgen Tveit	2.vara	2020-2021
Kjersti Djupvik	3.vara	2019-2020

Valnemnd:

Svenn Liodden og Terje Vikestrand vart valgt for 2021, 1 person vart oppnemnd frå styret, denne personen leiar valet og kallar inn til møte.

Revisorar:

Birgitte Hatlevik og Egil Petterteig for 2020

Medlemmer :

ImF Stord hadde i 2020 138 registrerte medlemmer, av disse har 70 betalt medlemskontingent.

Vedtekter og visjon

Styret har hatt eit overordna ynskje om å leia arbeidet slik det kjem fram i vedtektene for ImF Stord.

Vedtekter:

§1.Grunnlag:

ImF Stord byggjer sitt arbeid på Bibelen, Guds ord, og den evangelisk lutherske vedkjenning. På dette grunnlaget driv foreininga alt sitt arbeid, kallar frivillige og tilset sine medarbeidarar.

§2. Føremål

a. ImF Stord har til mål å styrkja kristent liv mellom barn, unge, vaksne og eldre. For å nå dette føremålet vil vi forkynne Guds ord og vise omsorg gjennom dei tiltak, reidskapar og kanalar vi finn nyttig.

b. ImF Stord vil arbeide saman med Indremisjonssamskipnaden og Indremisjonsforbundet for å styrke Indremisjonen sitt kallsoppdrag. Foreininga vil ta medansvar for å skaffe økonomiske og andre ressursar til dei oppgåver kretsen og Indremisjonsforbundet utfører på vegne av dei innmeldte einingane.

Mål (Visjon)

Me vil byggja varme, inkluderande kristne fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar.

Arbeidet året 2020

2020 vart eit veldig spesielt år for oss i ImF Stord og for landet vårt forøvrig.

I Mars vart me ramma av pandemien Covid-19, noko som har gitt store konsekvensar for forsamlingsarbeidet og privatlivet til den enkelte.

Då regjeringa stengde ned landet, vart situasjonen for mange arbeidstakarar endra, så også hjå dei tilsette i ImF Stord. I ein uavklart og uoversiktleg pandemistart vurderte styret det slik at permittering

var nødvendig, og vedtok ordninga for begge dei tilsette i ein periode. Dette var eit vanskelig val, sett utifrå det ansvaret ein har overfor dei tilsette, men på same tid vart det rekna som rett.

Etter kvart som ein måtte innsjå at den nye situasjonen ville vara over tid, vedtok styret at ein skulle gå i gang med å produsera digitale Gudstenester, då spesielt med tanke på å nå ut med evangeliet. Dette vart ein ny, utfordrande og positiv erfaring, der mange skal ha takk og skryt for at sendingane vart ein realitet. Mange følgde sendingane og me opplevde ved fleire høve å få kontakt med søkande menneske som sidan har vorte ein del av fellesskapet.

På same tid har det gjennom dette året vore krevjande å ikkje kunne møtast fysisk, og me har fått kjenne på saknet etter å få kome saman i ei tid der me har hatt ekstra behov for fellesskapet.

Det har vore flott å sjå at bibelgruppene har vore kreative, og mange har møtt kvarandre i mindre grupper dette året. Bønnegruppa som møtes torsdag føremiddag har hatt samlingar når det har vore forsvarleg, og det har på det jamne vore ca 15 personar som har møttes.

Dei som pandemien nok har ramma hardast hjå oss er born og ungdom, og dei eldre som ikkje har hatt tilgang til nett og som har kjent på einsemd. Det har vore vondt å ikkje kunna ha eit tilbod til dei sånn som me hadde ynskja.

Det var veldig godt når me i haust kunne opna opp igjen for ungdomssamlingar og søndagsskule. Det var fantastisk å oppleve at over 100 ungdomar fant vegen til UkS , når me starta opp igjen.

Då me omsider kunne opna opp igjen arbeidet i haust hadde me flotte samlingar, sjølv om ulike tiltak måtte settast inn og me måtte gjera ting på ein litt anna måte enn før. Barna har hatt sitt eget møte i kjellaren, og dei har vore utandørs med bålpanne og kos.

Det har vore godt å koma saman igjen, og gleden over å endeleg møtast har vore stor. Mange har uttrykt at ein virkelig har kjent på sagn etter fellesskapet, og takksemd for det me har. Det har også vore veldig gledelig å sjå at fleire nye ansikt har funne vegen til våre samlingar.

I haust hadde vi dåp av Hermann Liodden, og dette vart ein skikkelig festdag for store og små. Vår styreformann Jarle Steinsland utførte sin aller første dåpshandling og Herman vart en del av storfamilien.

Gjennom 2020 har ImF Stord hatt 6 flotte konfirmantar som har vore med på konfirmantundervisning i regi av IMS. Dei har hatt ei fantastisk konfirmanttid, med tur til Købehavn, weekendtur til Fitjar og kjekke samlingar på Horneland bedehus. Sjølv konfirmasjonsdagen måtte utsettast på grunn av pandemien, men 29.september fekk dei feira ein flott konfirmasjonsdag.

På tross av pandemien har givartenesta hatt ein positiv utvikling og fleire har vorte faste givarar . Dette er me særst takksame for. Me arbeidar kontinuerleg med å få givartenesta opp på eit nivå som gjer at me i større grad kan få vera til velsigning for nærmiljøet vårt med den kollekt som kjem inn. Vår draum er at me kan få vera til velsigning for misjon, misjonsprosjekt og øya vår i mykje større grad enn i dag. Dette på same tid som at me har økonomi til å ha tilsette. For å koma dit treng me at alle er med å gir økonomisk.

Me er enormt takksame for alle som er med å bidrar på ulike områder i forsamlinga vår. Tusen hjarteleg takk for all bønn og varme tankar, tid, pengar og engasjement de gir inn.

Må Gud velsigne alle rikelig tilbake å gi stor glede i tenesta.

6. Årsmeldinga for alle undergruppene

Årsmelding for Awana søndagsskule Leirvik bedehus 2020

Awana vart vidareført som undervisningstilnærming som me starta opp med hausten 19, med oppstart direkte på søndagsskulen klokka 11. Det vart gjennomført 4 søndagar med Awana søndagsskule, inndelt i 3 grupper, fram til nasjonal nedstengning mars 2020. I tillegg deltaking på familiemøte i februar og i juni.

Etter felles oppstartsmøte i august, vart det gjennomført søndagsskule i 1-2 grupper 3 søndagar i september og oktober, deltaking på familiemøte med dåp i oktober, utesøndagsskule i 2 grupper 29. november og film i 2 grupper 13. desember.

Ved gjennomføring av 3 aldersinndelte grupper kjem det om lag 6-8 born på Cubbies (under skulealder), 12-15 born på Sparks (1.-4.klasse) og 8-12 born på T&T (5.klasse og oppover).

Søndagsskuleleiarane deltok på workshop kring arbeidet med born på Leirvik bedehus 2.juni. I starten av desember var me samla 10 leiarar, for evaluering av året og planlegging av 2021. Desse leiarane har delteke i 2020:

Siv Hilde Solsvik, Ingeborg Brekke, Per Magne Djupvik, Eilen Milje Helmersen, Leah Engelsen, Lise Marie Litlabø, Ingeborg Hageberg og Jostein Brekke, Ingfrid Hystad Evensen, Ivar Kommedal, Andreas Vegge, Jon Greger og Karoline Notland, Torbjørn og Sara Brosvik.

Awana sin visjon er «at barn og unge skal kjenne, elske og tjene Jesus gjennom heile livet.» Denne visjonen er like levande, sjølv om året 2020 vart heilt OPP-NED! Me er takknemlige for dei søndagane me har fått møtast og har mange kjekke leiarar på laget som vil vera med å fortelja borna på Stord om Jesus i 2021.

Årsmelding for barnekoret “Levande Lys” 2020

Songarane i Levande Lys er frå 4 år til 4. klasse. Det har vore i snitt 30 born på øvingane. Me har hatt øving annankvar måndag i partallsveker frå 20. Januar fram til nedstenginga i mars. Det blei ingen konsertar eller opptredenar desse vekene me fekk driva kor i 2020, men me hadde kjekke øvingar.

Ei øving i «Levande Lys» har eit fast mønster; Det er oppvarming, andakt, song og til slutt «kalender». I kalenderen er det er ei overrasking kvar gong. Det kan vera ein leik, litt mat eller anna program. Me står mykje for programmet sjølv, men har prøvd å trekka inn foreldre og andre som er villige til å ha ein andakt eller kalenderaktivitet.

Koret har hatt desse leiarane: Torbjørn Brosvik, kasserar, Johny Dyrøy og Reidun Teistedal Dyrøy, dirigent. Me har kjent på at det trengs fleire leiarar for å halde fram å driva kor.

Som varsla i sist års årsmelding har eg, Reidun ønska å gi meg som dirigent og håpte nokon ville ta over. Det har dessverre ikkje vore nokon som har vist interesse. Det har vel heller ikkje vore så aktuelt å starta opp kor i desse tider, så me får håpa på at det kjem nye krefter til når situasjonen har stabilisert seg og det er greitt å driva kor igjen!

Me ser at korarbeidet betyr mykje for mange born og familiar og er takknemlege for å ha fått vera med og fortelja både barn og vaksne om Jesus gjennom samlingar og songar.

Reidun Teistedal Dyrøy

Årsmelding for Leirvik JuniorVing året 2020

Leirvik JuniorVing er eit barnelag drive under IMF-Stord, og er eit tilbod for alle born i alderen frå 2. til og med

4. klasse. På våren var samlingane i kjellaren på Leirvik Bedehus, på hausten prøvde me oss med konseptet UteJuniorVing der me var ute på ulike stader i nærområdet. Også dette året har me hatt samlingane måndagar 17:30 til 19:00 i oddetalsveker. På grunn av smittevern hadde me 4 avlyste samlingar.

JuniorVing hadde 11 samlingar i 2020, 5 i vårsemesteret og 6 i haustsemesteret.

Oppmøte for våren: Det har vore inno 32 barn, der 14 vart betalende medlemmer. På samlingane hadde me i gjennomsnitt 18 barn, maks var 22 og minimum var 13 barn.

Oppmøte for hausten: Det har vore inno 32 barn og der 4 vart betalende medlemmer. På samlingane hadde me i gjennomsnitt 18 barn, maks var 24 og minimum var 13 barn.

*V - I - N - G det er vi,
ordet om Jesus har satt oss fri!
Derfor synger vi glade i kor,
GUTTER og JENTER i sør og nord!*

Våren: Samlingane tek til med "Ving"-songen. Etter ei lita songstund, bøn og bibelforteljing, delar me oss inn i ulike aktivitetsgrupper. Aktivitetane er i hovudsak ulike typar hobbyarbeid, matlaging, spelegruppe som spelar ulike spel og sløyd. Det som vert laga på matlagingsgruppa, kosar me oss med dei siste ti minuttane av kvar samling. Til avslutning ber me ei kort bøn. Nokre gonger kvart semester har me hatt fellessamling. Då har me program som

utlodning, leiker og konkurransar i staden for grupper.

Hausten: Medlemskontingenten er 50 kr. pr. semester, den er sett lågt for at medlemskontingenten ikkje skal vere til hinder for nokon til å bli med. Me ynskjer å kunne fortelje om Jesus til flest mogleg samstundes som me skal ha det kjekt.

Me har vore ein god leiarstab som har fordelt arbeidet mellom oss. Me har hatt 2 styremøte i løpet av året, et om våren og et om hausten. Me må framleis ha fokus på leiarrekruttering!

Økonomi

Økonomien er bra. I år har me gått med overskot på kr 7963. Behaldning års-slutt kr 27963. Det store overskotet skuldast at me har fått tilskot på antall medlemmer i 2019, og hatt lite utgifter i 2020. Me går ut frå at situasjonen blir omvendt i 2021.

Inntekter		Utgifter		Inntekter	11501	Bank start	18761
Kollekt og diverse	263	Mat	1238	- Utgifter	3537	Kasse start	1238
Medlemskontingent	900	Materiell	218	Overskot	7964	Beholdning	
Utlodning	360	Hobbyartikler	813			årsstart	23494
Renter	20	Annonser	1178	Beholdning		Bank	27343
Frifond+kommune	9958	Diverse	90	årsstart	19999	Kasse	620
				+ overskot	7964		
Sum inntekter	11501	Sum utgifter	3537	Beholdning		Beholdning	
				årsslutt	27963	årsslutt	27963

Kommentar: Me har fått FriFondmidlar på kr 7658 og kommunale tilskot på kr 2300. Dette er viktige midlar for oss!

Oppsummering

Me freistar å sjå kvart einaste av borna som kjem, slik at dei skal vera trygge, trivast og ha det kjekt på JuniorVing og på Leivik Bedehus. Dermed er me med på å "Byggja eit varmt og inkluderande kristent fellesskap" I andaktane vil me at borna skal bli kjende med Jesus.

Leiarar som har vore med:

Våren Johny Dyrøy leiar
Åslaug Leiknes Nag
Karoline Gravdal
Hannah Kleven
Eilen Milje Helmersen
Benedikte Vegge

Hausten Johny Dyrøy (sign) leiar
Åslaug Leiknes Nag
Karoline Gravdal
Hannah Kleven
Ingeborg Grimsbø
Karoline Grimsbø
Benedikte Vegge

Årsmelding FREDAGSKLUBBEN 2020

Vi starta opp fredagsklubben som vanleg på nyåret etter same opplegg som tidlegare år. Vi hadde samlingar som vanleg fram til alt stoppa opp i mars 2020.

Me hadde ein fin flokk som samlast i bedehuskjellaren på fredagar frå 18.00-19.30. Aldersgruppa er som før 5.-7.klasse

Det har vært eit stort savn å ikkje kunne samlast, men då det opna opp i haust hadde vi eit par fine samlinger før det vart stengt ned att. No håper vi at vi snart er tilbake til normalen og kan starte opp att dette viktige arbeidet blant denne aldersgruppa.

Det har ikke blitt søkt om frifondmidlar dette året. Og dei pengane vi hadde er blitt brukt til Awanakontingent, julehefter og gåver til misjonen.

Vi er fortsatt ved godt mot og håper å fortsette arbeidet med fredagsklubben så snart det lar seg gjere.

Mvh. Leiarane i Fredagsklubben

Årsmelding UKS 2020

I styret for våren: Nina Sofie Hatlevik, Even Vikanes, Sindre Matre, Emilie Fyllingen, Ivar Teistedal Dyrøy, Ragnhild Digernes, Samuel Andersland, Sara Almås, Theodor Gravdal, Hilde Kristin Teigland og Johny Dyrøy som vaksenkontakt

Hhaust: Amalie Olsen, Andrea Teistedal Dyrøy, Hannah Kleven, Jenny Helen Vyzantios, Kristian Furuhovde Helland, Kristoffer Hatlevik, Lea Synneva Andersland, Martine Matre, Samuel Andersland, Samuel Fyllingen, Sindre Matre, Theodor Gravdal.

Hilde Kristin Teigland og Johny Dyrøy som vaksenkontakt

Våren starta med Fundamentsamling med besøk frå Helgeland fhs 10.januar, etterfølgd av fotballturnering laurdag 11.januar. Før nedstenging 13.mars fekk me gjennomført endå ein Fundament med besøk av Daniel Sæbjørnsen og 6 vanlege uks-kveldar. 31.juli hadde me ein tidlig kick-start på året ute i Sponavikjo med grilling, andakt og song. I tida frå nedstenginga og fram til hausten har me vore aktive på sosiale media med deling av oppbyggande materiale, eit par videosnuttar, songar og bibelvers. Hausten starta 21. august og me har til saman hatt 11 samlingar fram til jul. Me har vore mykje tydelegare denne hausten med å kontrollere at aldersgrensa på 8.-10. klasse vert overheldt. Dei siste tre kveldane før jul måtte me dele dei tre klassetrinna på kvar sin kveld for å sikre at me overheldt reglane om max 50.pers pr. samling.

Det har vore rundt 70 pers. innom på det gjevne. I løpet av året har me flytta uks-samlingane opp fordi me ser at lokalet nede berre held til rundt 50 stk. med 1 metersregelen. Det har vore spennande å arrangere kveldane oppe og me er takksame for at me fekk moglegheit til å ha det oppe framfor å stenge/ha færre deltakarar, men det har også krevja nye rutinar og ein del ekstra ting å tenke på. I kiosken har me seld is i porsjonspakkar, brus og innpakka godteri. Me har hatt ei handfull «tema-kveldar» med utkledding, men elles ikkje funne på så mange andre aktivitetar, for eksempel bowling, bading eller fotball, på kveldane. Elles har just dance og bordtennis vore mykje brukt som små aktivitetar.

Birgitte Hatlevik har ansvar for økonomien. Hilde lagar lister, skaffa andaktshaldarar og vaksne hjelparar til UKS kveldane. Ungdommane i styret ynskjer velkommen, har møte med opning, lovsong, ledar, har ansvar for kafé og aktivitet. Dei er dyktige og engasjerte.

Me har vore tre vaksne kvar fredag, i tillegg til «kjernen» som har bestått av ei rullering mellom Andreas Remen Evensen, Terje Vikestrand, Johny Dyrøy og Hilde Kristin Teigland på våren. Johny og Hilde Kristin har vore kjernen på hausten. Ungdommane kosar seg på kveldane, og det er ei mengde av mange «typar» ungdommar som kjem. Pit Stop er eit veldig positivt tiltak for ungdommane, og dette har vore eit høgdepunkt for mange ungdommar i løpet av året. Det var spesielt viktig og kjekt å få til Pit Stop i år med tanke på covid-19.

Nyttår: I år var det Johny Dyrøy og Silje Fyllingen som stod i bresjen for å lage til nyttårsfeiring på Leirvik Bedehus. Dei hadde med seg andre vaksenleiarar og ein god gjeng frå styret og bandet på uks. På grunn av covid-19 var det faste plassar, mat bestilt frå Kinarestauranten og hyppig bruk av handsprit. Det vart ein kjekk kveld med mykje på programmet.

Det har vore utfordrande og tatt mykje planlegging å drive arbeidet i store delar av 2020. Samstundes er det fint å sjå tilbake på kor mykje me har fått til i løpet av året til trass for situasjonen!

For UKS

Hilde Kristin Teigland

Årsmelding IUF 2020

I styret for IUF

våren: Ragnhild Digernes, Torid Morsund Øygaard, Hilde Kristin Teigland og Tuva Vikestarnd.

hausten: Hilde Kristin Teigland og Tuva Vikestrand

Våren starta med Fundamentsamling med besøk frå Helgeland fhs 10.januar, etterfølgd av fotballturnering laurdag 11.januar. Før nedstenging 13.mars fekk me gjennomført endå ein Fundament med besøk av Daniel Sæbjørnsen og 4 vanlege iuf-kveldar. I tida frå nedstenginga og fram til hausten har me vore aktive på sosiale media med deling av oppbyggande materiale, eit par videosnuttar, songar og bibelvers.

På hausten gjore me endringar i korleis kvelden på iuf ser ut. Først satt me opp aldersgrensa frå 10.klasse til 1.vgs, sidan 10.klassingane allereie har eit godt tilbod på uks. Elles flytta me kveldane til heimane til dei som går på iuf og har hatt ein god del meir fokus på påfyll hele kvelden og ikkje berre i ein møtedel. Dette har fungert veldig godt og me ser at det ikkje hadde vore ressursar til å halde oppe arbeidet i den form det tidlegare har vore med så få i styret. Me er glade for at me no får til å ha iuf ca. kvar laurdag med dei ressursane me har, med tanke på at iuf kun har vore annankvar laurdag tidlegare. Sjølv om det ikkje alltid er lett å vite kva som er rett å gjere i forhold til å sette retning på arbeidet, så opplever me at me blir leia og utfordra til å ta nye steg i tru. Me prøver oss framleis litt fram for å sjå korleis kvelden kan leggest opp på best mogeleg måte og balansen mellom å være på Leirvik Bedehus og i heimane. Talet på deltakarar dei siste to åra har på det gjevne vore på mellom 5-12pers.

I

løpet av hausten fekk me hatt 7 iuf-kveldar og ein Fundament. Utanom iuf og Fundament vart det også Pit Stop i år. Det var nok eit høgdepunkt for mange med tanke på usikkerheitene rundt om me får gjennomført forskjellige arrangement.

På grunn av at me stort sett berre har hatt forskjellig snacks på iuf-kveldane det siste året har me ikkje brukt noko særleg pengar.

Det har vore kjekt å kunne ha iuf til og med under strenge restriksjonar på grunn av at me ikkje er for mange deltakarar. Det trur eg har vore godt og til oppmuntring for dei som er aktive i iuf!

For IUF

Hilde Kristin Teigland

Pensjonistlaget «Vi over 60» ved Leirvik Bedehus.

Årsmelding 2019 - 2020

På grunn av koronapandemien ble det ikke avviklet årsmøte i 2020. Årsmeldingen omfatter derfor både 2019 og 2020. Siste årsmøte var 30. oktober 2019.

Styret:

Leder: Reidar Brevik
Nestleder: Tore Tveit
Kasserer: Jakob Thormodsæter
Styremedlem: Eva Djupvik
Varamedlemmer: Leiv Stokken, Inge Hystad, Lars Hageberg

Revisorar : Ruth Hageberg og Helge Jensen.
Valgkomite: Edel Sørvik, Inge Hystad
Turnemnd : Leiv Stokken , Jacob Thormodsæter og Svein Bjarne Aase.

I tillegg har vi hatt tre grupper med ansvar for det praktiske i forbindelse med møtene.

Det nye styret hadde to styremøter i 2019, og fem styremøter 2020.

Styret vil nå benytte anledning til å la både regnskap og årsmelding følge kalenderåret. Det betyr at regnskapet omfatter tre måneder i 2019 og hele 2020. Det samme gjelder årsmeldingen.

Oversikt over samlingene:

Oktober 2019: Gunnar Salomonsen fortalte om ulike kalendere som har vært i bruk gjennom historien, og alle forviklinger dette hadde ført med seg. Både dager og timer forsvant når nye kalendere skulle innføres.

November 2019: Sokneprest Olav Oma fortalte om sitt kall og prestetjenesten

Januar 2020: Sigmund Hansen og Hartvig Waage viste bilder og kåserte over temaet:

«Gamle gubbar sykler Noreg på langs – og på tvers»

Februar 2020: Ivar Helleland fortalte barndomsminner fra oppveksten på Litlabø.

I mars skulle vi hatt besøk av Seniores fra Karmøy, men på grunn av koronapandemien måtte vi avlyse. Vi har ikke hatt noen samlinger senere, og vil vente til høsten 2021 før vi eventuelt starter opp igjen.

Tur 2020

Turgruppe var kommet godt i gang med planlegging av tur til Osterøy i slutten av mai. Men også denne måtte vi dessverre avlyse.

Styret takker alle som har deltatt på pensjonisttreffene våre, og spesiell takk til de som har vært med på både planlegging og gjennomføring av samlingene.

Stord 18.01.2021

Reidar Brevik
Styreleder

Årsmelding for bibelgruppene 2020

Smågruppene i forsamlingen treffes på det jevne ca hver 14.dag. I år har flere av gruppene lest boka nådegavenes 3 farger, det har vært kjekt å ha ett opplegg å følge.

Året har vært litt utfordrende med lange perioder med nedstenging på grunn av corona, så det har ikke alltid vært like lett å treffes. Men flere av gruppene har vært kreative, så det har vært grupper både rundt bålpanna, i skogen, på hytta og andre steder. Kanskje spesielt dette året har vi kjent på viktigheten av smågruppene. I August hadde vi en samling for gruppelederene, vi opplever at flere viser interesse for å være med i ei gruppe. Samtidig ser vi at det kan være behov for å endre litt på de gruppene som kanskje ikke har fungert så godt. Det ble laget 2 nye grupper

denne høsten. Per Magne Djupvik og Ole Jørgen Tveit leder ene gruppa og Magnhild Andersland Tveit leder den andre gruppa.

Ei gruppe har vært inaktiv dette året, men vi håper den kommer opp igjen i 2021. Det er ca 80 personer som er aktivt med i bibelgrupper tilknyttet ImF sitt arbeid. Det er stort sett god trivsel i gruppene, og mange opplever det godt å være med i ei mindre gruppe.

Her kan en dele hjertet sitt med andre, få forbønn, støtte, inspirasjon og oppmuntring.

Ingvild Løklingholm

Årsmelding for Sisterhood

Det har vært ett spesielt år og Sisterhood har bare hatt 2 samlinger dette året. En i januar hvor det var rundt 50 damer, samt en i samarbeid med Sunnbok i midten av oktober hvor vi hadde spesielt fokus på mødrene. Det var en flott samling hvor vi hadde besøk av de som driver podcasten mammashjerte og 3 lokale damer som delte åpenhjertelig fra sine liv. Denne dagen var det ca 35 besøkende.

Tanken med Sisterhood er å ha en arena hvor damene kan treffes på kryss og tvers av menighetstilhørighet. Vi har en klar Jesus forkynnelse og profil, men ønsker at samlingene skal være ett sted hvor det er enkelt å invitere inn mennesker som ikke kjenner Jesus. Samtidig lengter vi etter at damene skal se hvem de er i Kristus og finne ut hva som er tilgjengelig i ham. Vi starter alltid samlingene med mat og sosialt felleskap, etter dette har vi lovsang, forkynnelse og bønnevandring med forbønn.

Vi gleder oss over å få stå i dette arbeidet og håper at vi til neste år kan få samle kvinnene igjen.

Sisterhoodkomiteen

Årsmelding for SkaperTillit - Open debattgruppe kring ein truverdig Bibel.

Grunna Corona viruset og nedstigningar frå starten av mars, har me i 2020 berre hatt to samlingar.

Me samlast i ungdomslokalet i kjellaren ein måndag i månaden frå Kl. 19 og utover. Leiarar gruppa består av Bernt Arild Gjøvåg, Tove Iren A. Notland og Jon Greger Notland.

Føremålet med SkaparTillit:

Gje bibelkunnskap og vissheit om at me kan stola på at Guds ord er sanning. Me trur Gud har gjeve oss Bibelen med ei hensikt. Me trur Bibelen er til å stola på. Me trur Bibelen er sann. Og i Bibelen ser me at Jesus er Guds son, sendt til jorda for at me ikkje skal gå fortapt men ha evig liv. Me ynskjer å ta opp tema som er viktige for oss som kristne i dag.

Denne vinteren hadde me tema:

- Ny start, ny nåde, ny frelse.
- Himmelen, den nye jord og miljø.

Samlingane: Me startar med ein liten undervisningsdel som går over til debatt, me tek opp diverse spørsmål og svar kring dagens tema. Me har samtaler og meiningsutvekslingar om noko som angår dagens tema.

Mest tid nyttast til å snakka saman, drøfte, argumentere, vurdere, engasjere eller berre sitja og lytta.

Det har vore 6-10 stk på samlingane. Både unge og vaksne har delteke, og me har opplevd svært rike samlingar. Det er godt å kunna belysa sannhetane i bibelen og få gode samtalar og høyre personlege vitnesbyrd. I dagens fleirkulturelle samfunn er det viktig at me veit kva kristen tru står for.

Årsmelding styret i ImF Stord 2020

ImF Stord hadde årsmøte 18. februar 2020

Etter valget ble styret slik:

Jarle Steinsland blir valgt til styreleder for 1 år.

Astrid Kjellevold og Mariann Milje blir valgt til styremedlemmer for 2 år.

Christian Andre Balchen ble valgt for 2 år i 2019

Margrethe Hystad Carter blir valgt til 1. vara

Ole Jørgen Tvedt blir valgt til 2. vara

Kjersti Djupvik blir valgt til 3. vara

ImF Stord har 138 innskrevne medlemmer. Dette året har me gått igjennom medlemsregisteret og sletta medlemmer som ikkje har betalt dei siste åra. 70 medlemmer har betalt kontingent for 2020. Det var i 2019 110 betalende medlemmer.

Styret har i 2020 hatt 12 styremøter (10 styremøter sist år), og behandla 63 saker (mot 77 sist år). 5 av desse styremøtene har vore digitale.

Det har vore eit utfordrande år med mange nye problemstillingar å ta stilling til. Mange møter er blitt avlyst, men me har gjennomført 2 medlemsmøter og eit møte med ulike tjenestegrupper.

Me har jobba med fleire saker som det ikkje har blitt noko av på grunn av pandemisituasjonen.

Her er nokre av sakene me har jobba med:

Økonomi og givertjeneste er noko me jobbar med på kvart styremøte

Sak 12/20 Permittering av annsatte (dette punktet har gått igjen i fleire saker)

Sak 13/20 Planlegging av onlinedugstener (dette punktet har gått igjen i fleire saker)

Sak 15/20 Leige av teknisk hjelp til innspilling og redigering av møter.

Sak 35/20 Behandling av forslag fra Sunnbok om emisjon.

Sak 37/20 Planlegge medlemsmøter

Sak 55/20 Styret beslutter å arrangere konsert med John Inge Rolfsnes

Sak 57/20 Styret fremmer forslag til Årsmøtet om å gi 1 million i pengegave til Stiftelsen Leirvik

Bedehus, øremerka oppussing av kjellerlokalet

Regnskap

ImF Stord

Regnskapskonto	2020 Rekneskap	2020 Budsjett	Endring Rekneskap-Budsjett
Driftsresultat			
Driftsinntekter			
Salgsinntekter			
3110 Kollekt	248956	300000	-51044
3111 Lagsgåver	1000	0	1000
3112 Gjevartenesta	391870	480000	-88130
3113 Andre gåver, minnegåver	21950	0	21950
3114 Medlemspengar	21000	35000	-14000
3115 Refusjon MVA	68905	40000	28905
Salgsinntekter	753681	855000	-101319
Annen driftsinntekt			
3900 Inntekter middag o.l.	16449	90000	-73551
Annen driftsinntekt	16449	90000	-73551
Driftsinntekter	770130	945000	-174870
Driftskostnader			
Varekostnad			
4010 Varekjøp	33499	60000	-26501
4550 Gåver	87841	110000	-22159
Talarhjelp		10000	
Varekostnad	121340	180000	-48660
Lønnskostnad			
5000 Lønn til ansatte	693137	765000	-71863
5001 Refusjon lønn	-56322	0	-56322
Lønnskostnad	636815	765000	-128185
Annen driftskostnad			
6300 Kontorleige	20000	20000	0
6301 Leige av Leirvik Bedehus	81850	80000	1850
6552 Tripletex rekneskapssystem	2710	0	2710
6705 Honorar regnskap	10000	10000	0
6725 Honorar digital produksjon	60000		
6790 Honorar musikarar	10477	10000	477
6800 Kontorrekvisita	1463	4000	-2537
6810 Avgift domene, internett	1436	0	1436
6820 Trykksaker	12572	5000	7572
6860 Kurs, reise-opphald-kursavgift	33681	48000	-14319
6890 Diverse utstyr	11434	23000	-11566
6900 Telefon	1884	4000	-2116
6940 Porto	117	0	117
7140 Kjøregodtgjersle	4122	0	4122
7320 Lysingar	16342	25000	-8658
7410 Medlemskontingent ImF, Awana	11614	5000	6614
7770 Bank og kortgebyrer	5097	1000	4097
Annen driftskostnad	284799	235000	-10201
Driftskostnader	1042954	1180000	-187046
Driftsresultat	-272824	-235000	12176
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter			
Annen finansinntekt			
8050 Annen renteinntekt	11383	20000	-8617
Annen finansinntekt	11383	20000	-8617
Finansinntekter	11383	20000	-8617
Finanskostnader			
Annen finanskostnad			
8150 Annen rentekostnad	13	0	13
Annen finanskostnad	13	0	13
Finanskostnader	13	13	13
Netto finansresultat	11370	19987	-8630
Ordinært resultat før skattekostnad	-261454	-215013	3546
Ordinært resultat	-261454	-215013	3546
Årsresultat	-261454	-215013	3546
Oppussing kjellar			